

Som du ser av overskrifta, gjeld denne utgaven av Lys & Varme muligheten vi har til å få realisert lys langs gangvegen, frå "Sessrøra" på Sætre til "Kvennagrova" på Skjegstad.

Dette er ei strekning på 2,8 km og er identisk med den strekningen som har ferdig gangveg. For å belyse denne strekninga trengs det 61 lysmaster.

Heilt sidan Daugstad Vel vart skipa første gongen i 1980, og for 4 år sidan når det vart starta opp att etter nokre år i dvale, har det vore arbeidd for å få dette realisert.

Vi har aldri vore nærare enn no !

Vi har i tronge økonomiske tider for kommunen, klart det "kunststykket" å få ei bevilgning frå kommunen på kr.350.000.- til prosjektet.

Den totale kostnaden for heile anlegget, kjem på ca. 670000.- dersom heile jobben skulle settast bort til f. eks. Nordvestnett/Vestnes Energi. (11000,- pr mast). Vi har som målsetting å klare å realisere heile denne strekninga i ein gong - da det blir vanskelig å velje hvilken ende man skal prioritere først og sist. Men for å klare dette, må det gjennom dugnad, gåver og arrangement av forskjellige slag, og kanskje ei lita tilleggsbevilgning frå kommunen, skaffast ca. kr.320.000,- til.

Vi er klare over at dette er ei svært stor utfordring for ei lita bygd - og at ikkje alle er så opptatt av å få til dette - at dei vil bidra økonomisk, men.... Gruppa som arbeider med å skaffe finansiering, som er oppnemnt av Daugstad Ungdomslag og Daugstad Vel, har foreløpig denne skisse til finansiering:

Vestnes Kommune:	350000.-
Bygda i kroner	150000.-
Næringslivet	30000.-
Daugstad Vel	20000.-
Daugstad Ungdomslag	10000.-
Dugnad fundament	60000.-
Dugnad montering	30000.-
Vestnes Kommune (resten ?)	20-60.000.-

Gruppa har som målsetting å gjere ein skikkeleg innsats for å skaffe dei midlane som trengs gjennom lotteri og arrangement, og vil starte med en **STORDAG** lørdag den **3.mai**. Denne dagen starter som sykkeldag kl.12:00, og vil fortsette med aktiviteter hele dagen, og avsluttes med en fest på ungdomshuset på kvelden. Mer info vil bli sendt ut senere....., men ønsker du å hjelpe til. Ring Jørn på tlf: 71 18 33 90

Det er oppretta ein konto i banken slik at dei som vil gje ein sum til prosjektet kan gjere det direkte til banken. Kto. nr. er **3910 22 58502** , og dei gjevarane som vil vere anonyme vil bli behandla konfidensielt.

Saldoen på kontoen blir lagt ut på internettsidene til Daugstad Vel, slik at alle kan følge med korleis det går..

Vegvesenet tek på seg kostnadene med vedlikeholdet av anlegget, slik at dette er ein eingongskostnad for bygda

No har vi sjansen til å bidra til at det skjer noko positivt i bygda. Samtidig får vi vist at vi får til noko dersom alle bidreg i lag, noko vi kan vere stolte av!

Alt dette, og mere til finner du på våre nettsider **www.daugstad.org**

Daugstad Vel

Daugstad Ungdomslag